

Aukra kommune

TVERRFAGLEG SAMARBEIDSARENA PÅ SYSTEMNIVÅ OG INDIVIDNIVÅ I AUKRA KOMMUNE

Til ein kvar tid er det barn og unge som har behov for eit samansett tenestetilbod med oppfølging som involvera fleire aktørar i velferdstenestene. For å styrke oppfølginga av utsette barn, unge og deira familiar, er det med verknad frå 1. august 2022 vedtatt bestemningar om samarbeid, samordning, barnekoordinator og individuell plan. Dei nye bestemningane har medført endringar i 13 lovverk.

Følg denne lenka for å lese rettleiaren:

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/samarbeid-om-tjenester-til-barn-unge-og-deres-familier>

Følg denne lenka om du treng kunnskap om teieplikt, opplysningsrett og opplysningsplikt:

[Taushtsplikt, opplysningsrett og opplysningsplikt i forvaltningen – en veileder - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/tema/taushetsplikt-opplysningsrett-og-opplysningsplikt-i-forvaltningen-en-veileder)

WICKED PROBLEMS


Komplekse utfordringar som går på tvers av ulike ansvarsområde, blir gjerne kalla gjenstridige problem (wicked problems).

Når ingen enkelt aktørs tiltak er tilstrekkeleg og ingen tar eigarskap til heilheita i utfordringane barnet eller ungdommen har, finnes det ein risiko for at vedkommande ikkje får den hjelpa dei treng for å få ein god oppvekst eller overgang til vaksenlivet. Utfordringane kompliserast ytterlegare av at dei ulike tenestene gjerne har ulik tilnærming og problemforståing. Auka samarbeid og brukarmedverknad kan bidra til å redusere utfordringa.

Samarbeidsbestemningane i velferdstenestelova er eit forsøk på å løyse et gjenstridig problem

Kilde: Fafo 2020, Vold Hansen og Ramsdal 2014


Tabellen på neste side gjer ei oversikt over kommunen sine tverrfaglege samarbeidsarenaer og skal bidra til å gjer dei ulike møta kjent for tilsette som jobbar med barn, unge og deira familiar i Aukra. Oversikta gjer det også enklare for brukarar av offentlege tenester å orientera seg kring kommunen si møteverksemd.



Aukra kommune


Tverrfagleg samarbeid på systemnivå i Aukra

ARENA 0 – 25 ÅR	MANDAT	INVOLVERTE PARTAR	MØTEFREKVENNS	MØTEANSVARLEG
SLT-modell <i>styrande</i> nivå: Politirådet	Angir klare mål og prioriteringar for rus- og kriminalitetsførebygging og sørger for å innarbeide desse i det kommunale planverket.	Ordførar, kommundirektør, politistasjonssjef, politikontakt, kommunalsjefar, kultursjef og SLT-koordinator	4 årlege møter à 2 timar Vår: 2 møter Haust: 2 møter	Ordførar
SLT-modell <i>koordinerande</i> nivå: SLT-Koordineringsgruppa	Avdekke utfordringar kommunen står overfor og skaffe seg kunnskap om korleis desse utfordringane best kan møtast. Fatte slutningar, sette inn tiltak og koordinere innsatsen på tvers av tenestene.	Einingsleiarar som jobbar med barn og unge, avdelingsleiar for helsestasjon, pedagogisk rådgjevar, folkehelse-koordinator, representantar frå barnevern og PPT, seksjonsleiar i politiet, fylkeskommunen, næringsliv og frivilligheita	5 årlege møter à 2 timar Vår: 3 møter Haust: 2 møter	SLT-koordinator
SLT-modell <i>utførande</i> nivå: Ung i Aukra	Dele erfaringar og drøfte utfordringsbildet i kommunen Tilbakemelde sin kunnskap og forslag til løysingar til SLT-koordineringsgruppa Nytte informasjonskanalar til ungdommen via sosiale media	Politikontakten, SLT-koordinator, Ungdomslos, Ungdomsarbeidar Helsesjukepleiar, Leiar i frivilligsentralen, Miljørettleiar/rådgjevar frå begge skolar, Representantar frå ungdomsrådet og frivilligheita	4 årlege møter à 2 timar Vår: 2 møter Haust: 2 møter	SLT-koordinator og Ungdomsarbeidar
Samarbeidsmøte Psykisk helse- og rus og politiet	Informasjon om trendar, oppfølging på individnivå, deling av nødvendig informasjon	Einingsleiar for heimetenesta, tilsette ved psykisk helse- og rus, kriminalitetsførebyggjane ved Molde politistasjon	Månadlege møter à 1 t.	Einingsleiar i heimeteneste Avsnittsleiar for Kriminalitetsførebyggjane



Aukra kommune


Samarbeidsmøte Helsesjukepleiarar i Aukra og Molde og politi	Erfaringsdeling om trender og utvikling rundt ungdomsmiljøene i distriktet	Helsesjukepleiarane i Aukra og Molde Kriminalitetsførebyggjarane i Molde	Kvar sjetteste veke à 1 t.	Kriminalitetsførebyggjarane ved Molde politistasjon
Samarbeidsmøte SLT-koordinator og politikontakt	Tema kring rus og kriminalitetsførebygging i Aukra og Molde	Politikontakten for Molde og Aukra, SLT-koordinator i Molde SLT-koordinator i Aukra	Månadlege møter á 1 time	Politikontakten for Molde og Aukra, SLT-koordinator i Molde SLT-koordinator i Aukra
Julsundet skole PPT og skoleleiinga	Diskutere systemarbeid og overordna prinsipp. Gjennomgang av årshjul for aktivitet rundt spesialundervisning	Rektor, avdelingsleiarar og kontaktperson i PPT	Avtalte månadlege møter à 3 t. (måndagar) (1 ½ dag per månad)	Rektor ved Julsundet skole
Gossen barne- og ungdomsskole PPT og skoleleiinga	Diskutere systemarbeid og overordna prinsipp. Gjennomgang av årshjul for aktivitet rundt spesialundervisning	Rektor, avdelingsleiarar og kontaktperson i PPT	Avtalte møter 2 gangar i månaden à 1 ½ t. (torsdagar) (2 dagar per månad)	Rektor ved Gossen barne- og ungdomsskole
Psykososialt kriseteam Arbeidet er forankra i lovverk og eigen plan for kommunalt kriseteam.	Kriseteamet i kommunen har som oppgåve å sørge for at innbyggjarane i kommunen ved akutte og alvorlege kriser skal få hjelp så raskt som mogleg.	Kriseteamet består av prest, lege, to frå helsestasjon, ein frå psykisk helse og rus	Faste møter 4 gangar i året for å planlegge korleis dei kan møte kritiske situasjonar og alvorlege hendingar	Presten
Styringsgruppe Rus og psykisk helse	Overordna samarbeid på tvers av einingar innan rus og psykisk helse. Ansvar for plan for psykisk helse og rus	Einingsleiar for heimetenesta er leiar, tilsette ved psykisk helse- og rus, repr. frå skole, barnehage, helsesjukepleiar, NAV, innvandring og integrering. Folkehelsekoordinator er sekretær.	4-6 møter i året og arbeidsmøte i samband med planarbeid/rullering	Einingsleiar i heimeteneste i samarbeid med folkehelsekoordinator



Aukra kommune


Tverrfagleg samarbeid på individnivå i Aukra

ARENA 0 - 6 ÅR	MANDAT	INVOLVERTE PARTAR	MØTEFREKVENNS	MØTEANSVARLEG
Samarbeidsmøte Helsestasjon og barnehage	Konkret samarbeid i enkelttilfelle om sårbare barn i overgang til barnehage	Barnehage, foreldre helsestasjon	Ved behov (oppstart av barnehageår)	Leiande helsesjukepleiar
Samarbeidsmøte Barnehage og eining for innvandring og integrering	Møta vert halde i samband med oppstart barn i barnehage som er nye busette flyktningar	Barnehage og Eining for innvandring integrering	Ved behov	Barnehagestyrarane Einingsleiar for innvandring og integrering
Tverrfagleg førskoleteam Barnehage <i>Heimla i barnehagelova</i>	Saker vert drøfta anonymt eller ope dersom samtykkeerklæring ligg føre.	PPT, barnevern, helsesjukepleiar og barnehage	6 årlege møter Vår: 3 møte Haust: 3 møter Vekselvis Barnebo og Bergetippen	Helsestasjon ved leiande helsesjukepleiar har koordinatrorolle og kallar inn til møte.
Samarbeidsmøte Barnehage og skole	Samarbeidsmøte knytt til overgang mellom barnehage og skole for barn med spesialpedagogisk hjelp og/eller individuelt tilrettelagt barnehagetilbod.	Foreldre, barnehage og skole	Etter behov og i samarbeid med foreldre	Barnehagestyrarane Rektor på skolane
ARENA 6 - 18 ÅR	MANDAT	INVOLVERTE PARTAR	MØTEFREKVENNS	MØTEANSVARLEG
Helseteam – Julsundet skole <i>Heimla i opplæringslova</i>	Saker vert meldt inn til rektor, og drøfta anonymt i teamet eller ope dersom samtykkeerklæring ligg føre.	PPT, skole, barnevern og skolehelsetenesta	6 møter i året Vår: 3 møter Haust: 3 møter	Rektor på Julsundet skole



Aukra kommune

Helseteam - Gossen barne- og ungdomsskole <i>Heimla i opplæringslova</i>	Saker vert meldt inn til rektor, og drøfta anonymt i teamet eller ope dersom samtykkeerklæring ligg føre.	PPT, skole, barnevern og skolehelsetenesta	6 møter i året Vår: 3 møter Haust: 3 møter	Rektor på Gossen barne- og ungdomsskole
Ressursteam for sosialpedagogikk Julsundet skole	Gir råd og rettleiing til lærarar om skolenærvær og skolemiljø	Miljøterapeutane, helsesjukepleiar, ungdomslos, representant frå leiinga, lærar eller annan viktig person for eleven som melder inn sak	Kvar tredje tysdag à 1 ½ time	Miljørettleiar i skolen leiar teamet
Skole og PPT Julsundet skole	Rettleiing og støtte for lærarar i enkeltsaker rundt utvikling, opplæring, trivsel og tilpassing i skolen	Skolen sin PP-kontakt, rektor, avdelingsleiarar, lærarar ved behov	Tilgjengeleg måndagar ein gang i månaden	Rektor på Julsundet skole Aukra sin PP-kontakt
Skole og PPT Gossen barne- og ungdomsskole	Rettleiing og støtte for lærarar i enkeltsaker rundt utvikling, opplæring, trivsel og tilpassing i skolen	Skolen sin PPT-kontakt, rektor, avdelingsleiarar, lærarar ved behov	Tilgjengeleg 2 torsdagar i månaden	Rektor på Gossen barne- og ungdomsskole Aukra sin PP-kontakt
Samarbeid rundt mobbesaker	Mobbesaker	Mobbeombod i fylkeskommunen, statsforvaltar, høgskole- og universitetsmiljø	Ved behov	Skoleleiinga
Samarbeidsmøte Legetenesta og helsestasjonen	Drøfting av enkeltsaker og generelt samarbeid rundt medisinsk oppfølging av tenesteytarar av helsestasjon og skolehelsetenesta	Leiande helsesjukepleiar, helsesjukepleiarane og legar	Fire årlege møter Vår: 2 møter Haust: 2 møter	Leiande helsesjukepleiar
ARENA 0 - 25 ÅR	MANDAT	INVOLVERTE PARTAR	MØTEFREKVENS	MØTEANSVARLEG
Samarbeidsmøte	System- og individnivå	Fastlegar, einingsleiar ved heimetenesta,	Kvar veke	Einingsleiar i heimetenesta



Aukra kommune

Legetenesta og heimetenesta				
Klinisk Tverrfagleg Team (KTT)	Klinisk Tverrfagleg Team (KTT) er eit tverrfagleg fora der ein tek opp saker på system-, individ- og/eller tenestenivå.	NAV, tilsette frå psykisk helse og rus, tilsette ved dagsenteret og eining for innvandring og integrering	4 årlege møter Vår: 2 møter Haust: 2 møter	Einingsleiar i heimetenesta
Samarbeidsmøte Politi, barnevern og barnevernsvakt	Formidle informasjon mellom etatane, hovudsakeleg frå politiet til barnevernet om hendingar der barn er direkte eller indirekte involvert.	Kriminalitetsførebyggjane i politiet, barnevernet i Molde, Aukra og Vestnes og barnevernsvakta	Kvar veke	Einingsleiar i barnevernet Politiet i Molde
Ressursnettverk mot radikalisering og valdeleg ekstremisme i Molde og Aukra	Nettverket drøftar saker som er meldt inn og utnemner "mentorar" for støtte og rettleiing til einingar som sit med bekymringar knytt til radikalisering og valdeleg ekstremisme av enkeltpersonar	Radikaliseringkontakt i Molde, radikaliseringskontakt i Aukra, mentorar i Molde, mentorar i Aukra, politiet i Molde	Månadlege møter á 1 ½ t (torsdagar)	SLT-koordinator i Aukra og Radikaliseringkontakt i Aukra <i>Sjå handlingsrettleiar ved bekymring for radikalisering og valdeleg ekstremisme</i>
Ansvarsgruppemøte Gjeld for dei lovfesta tilboda som: Alminneleg koordinator, barnekoordinator og IP	Tverrfagleg gruppe som skal sikre eit heilheitleg tilbod for barn og unge som har behov for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester	Dei tenester som er involvert i saken er med. Barnet si stemme skal bli høyrd.	Koordinator avtalar nytt møte på slutten av ansvarsgruppemøtet	Koordinator kan vere frå ulike tenestemråde

Utarbeid av Rita Rydheim
Prosjektleiar for BTS/BTI
21.02.23